

AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 203/2022

2023/EØS/24/03

av 8. juli 2022

om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98,

og ut frå desse synsmåttane:

- 1) Kommisjonenens gjennomføringsforordning (EU) 2022/270 av 23. februar 2022 om retting av gjennomføringsforordning (EU) 2021/1410 om godkjenning av eit preparat av *Bacillus licheniformis* DSM 28710 som tilsetjingsstoff i fôr til verpehøner, mindre utbreidde fjørfeartar meinte for eggproduksjon, fjørfeartar meinte for avl og prydfluglar (innehavar av godkjenninga: Huvepharma NV)⁽¹⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Kommisjonenens gjennomføringsforordning (EU) 2022/271 av 23. februar 2022 om retting av gjennomføringsforordning (EU) 2020/1760 om godkjenning av eit preparat av *Bacillus subtilis* DSM 25841 som tilsetjingsstoff i fôr til alle svineartar, medrekna purker bortsett frå diegjevande purker, for å oppnå ein gunstig verknad hjå spedgrisar (innehavar av godkjenninga: Chr. Hansen A/S)⁽²⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 3) Denne avgjerda gjeld føresegner om fôrvarer. Føresegner om fôrvarer skal ikkje gjelde for Liechtenstein så lenge avtala mellom Det europeiske fellesskapet og Det sveitsiske eidssambandet om handel med landbruksprodukt er utvida til å omfatte Liechtenstein, som nemnd i tilpassing etter sektor i vedlegg I til EØS-avtala. Denne avgjerda skal difor ikkje gjelde for Liechtenstein.
- 4) Vedlegg I til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I kapittel II i vedlegg I til EØS-avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. I nr. 377 (Kommisjonenens gjennomføringsforordning (EU) 2020/1760) vert følgjande lagt til:

”; endret ved:

- **32022 R 0271:** Kommisjonenens gjennomføringsforordning (EU) 2022/271 av 23. februar 2022 (EUT L 43 av 24.2.2022, s. 10).”

2. I nr. 419 (Kommisjonenens gjennomføringsforordning (EU) 2021/1410) vert følgjande lagt til:

”; endret ved:

- **32022 R 0270:** Kommisjonenens gjennomføringsforordning (EU) 2022/270 av 23. februar 2022 (EUT L 43 av 24.2.2022, s. 7).”

Artikkel 2

Teksta til gjennomføringsforordning (EU) 2022/270 og (EU) 2022/271 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

⁽¹⁾ TEU L 43 av 24.2.2022, s. 7.

⁽²⁾ TEU L 43 av 24.2.2022, s. 10.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 9. juli 2022, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utferda i Brussel 8. juli 2022.

For EØS-komiteen

Kristján Andri Stefánsson

Formann

(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.